

Forskrift om skulerute 2027- 2028

Gjesdal kommune

Heimel: Fastsett av Gjesdal kommunestyre XX.XX.25 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2027-2028. Elevane har rett og plikt til å møta på dei fastsette dagane. Forskrifta gjeld for elevar ved dei kommunale grunnskulane i Gjesdal kommune skuleåret 2027- 2028.

§ 2. Skuleruta 2027- 2028

Dato	Merknader, ferie, fri	Antal skuledagar
August	Onsdag 18. august er skulestart for elevane.	10
September		22
Oktober	Haustferie veke 41 (11. -15. oktober).	16
November	Fri for elevane 12. november.	21
Desember	Tirsdag 21. desember er siste skuledag før jul.	15
Januar	Måndag 3. januar er første skuledag etter jul.	21
Februar	Vinterferie veke 9 (28. februar- 3. mars). Kan ikkje endrast. Gjeld for Rogaland.	19
Mars	Vinterferie 1., 2. og 3. mars	20
April	Påskeferie veke 15 (10. - 17. april). Onsdag 19. april er første skuledag etter påskeferien.	13
Mai	Fri Offentleg høgtidsdag 1. mai Fri Grunnlovsdag måndag 17. mai Fri Kristi himmelfartsdag torsdag 25. mai Fri for elevane fredag 26. mai	19
Juni	Fri 2. pinsedag 5. juni Onsdag 21. juni er siste skuledag for elevane	14
	Sum skuledagar	190

Planleggingsdagar for barnehage
16. august 2027
17. august 2027
12. november 2027
18. april 2028
26. mai 2028

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Elevane skal ha minimum 190 skoledagar.

I skuleruta kan følgjande **ikkje** endrast når ho er vedtatt:

- Første og siste skuledag for elevane ved oppstart og slutt av skuleåret.
- Planleggingsdagar for barnehagane og SFO.
- Elevane sine fridagar. Skyss er avtalt i tråd med skuleruta.

§ 3. Lokale variasjonar

Skulane fastset sjølv 6 planleggingsdagar på elevfrie dagar. Planleggingsdagar for skulane blir fastsette i samarbeid med organisasjonane til tilsette.

På nærare vilkår, og etter at samarbeidsorganet til skulen, elevar og foreldre har fått tilgang til å uttala seg, kan det gjerast justeringar av planleggingsdagar for kvar enkelt skule. Dette skal godkjennast av kommunedirektøren.

§ 4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2027 og blir oppheva 31. juli 2028.